



## Frå redaktøren

Det er mange dugande lingvistar i Noreg og i nabolanda, og mange skriv mykje bra. Det er likevel slik at somme mest berre gjev ut stoff på engelsk. Eg og mange med meg ynskjer at norsk lingvistisk fagspråk skal utvikle seg i takt med faget sjølv, og meiner at *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* er ein ypparleg stad der dette kan skje. Difor oppmodar eg dykk alle til å sende inn artiklar. Det er òg mogleg å foreslå temanummer. Ei blanding av temaavgåver og opne avgåver gjer tidsskriftet til ein spanande plass for lingvistikk med mange perspektiv.

I denne opne avgåva er det mykje å glede seg over. Det er heile fire vitenskaplege artiklar, av språkvitarar frå Universitetet i Osaka, Høgskolen i Østfold og Universitetet i Oslo. *Yuki Minamisawa* har forska innanfor kognitiv metafor-teori, og presenterer i artikkelen sin døme på at sinne vert omtalt som kaldt, motsatt det ein kunne vente i teorien. *Karine Stjernholm*, som fikk Oslo bys forskingspris for avhandlinga si, skriv om språket i Oslo, ein sosialt delt by, i sin sosiolingvistiske artikkel. *Helge Lødrup* har skrivne om ein syntaktisk konstruksjon i norsk: *la være*. Artikkelen til *Sverre Stausland Johnsen* omhandlar den nyttgjevne *Norsk Språkhistorie 1 – Mønster*, men han går såpass langt ut over det ein vanlegvis finn i ei bokmelding at han er kategorisert som eit vitenskapleg stykkje.

Bøker er viktige for oss språkforskarar, og bokmeldingar er beinvegen til somme av dei. Vi får difor alle vere takksame for dei kollegaene våre som vel å melde bøker for oss. I denne avgåva har vi bokmeldingar skrivne for oss av forskarar frå mange plassar i verda: *Kersti Börjars* (University of Manchester), *Marit Julien* (Lunds universitet), *Michael T. Putnam* (Penn State University) og *Tor Arne Haugen* (Høgskulen i Volda). Bøkene dei har meldt, dekkjer mange område: ei bok er ei vitenskapsteoretisk lærebok for språkvitskap, ei er om optimalitetsteori, ei om fosenmåla, og ikkje minst er det ei omfangsrik bok om det norske nominalsyste-met. Denne sistnemnde vart skriven av Madeleine Halmøy, som forlet oss så altfor tidleg i fjor. Difor er det ei frygd at akkurat denne boka får sær god omtale.

4 Norsk Lingvistisk Tidsskrift · Årgang 37 · 2019

Som sist har postdoktor Kari Kinn ved UiO gjort eit gagnleg redaksjonssekretærarbeid med denne utgåva.

Blindern, 11. februar 2019.

Janne Bondi Johannessen,  
redaktør